



Arkivnr: 2019/171-22

Saksbehandlar: Sturla Binder

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		18.06.2019

Tilskot til sogelag/historielag (lokalhistorisk arbeid) 2019

Samandrag

Føremål med ordninga:

Ordninga sitt føremål er å stimulere til, og støtte opp om lokalhistoriske initiativ og lokalhistorisk aktivitet i samsvar med Regional plan for kultur 2015 – 2025. Ordninga skal stimulere til aktivitet, og sikre innbyggjarar i heile fylket høve til å delta i eit mangfaldig kulturliv, jmf Regional kulturplan 2015-2025.

Retningsliner for tilskotsordninga vart vedteke i Kultur- og ressursutvalet 13.02.2018 (PS 24/2018). Alle sogelag/historielag i Hordaland, evt. i samarbeid med andre, kan søkje.

I årsbudsjettet for 2019 er det sett av kr. 137 000 til tilskotsordninga. Av desse går kr. 37 000 til fast driftstilskot til Hordaland Sogelag. Til saman er det difor kr. 100 000 å fordele. Støttenivå til einskilde søknader er maks 30 000 kroner.

Ved søknadsfrist 15. mars 2019 var det motteke 20 søknader. I vedlagt liste er det i tillegg til opplysningar frå søker gjeve ei kort grunngjaving i samband med fylkesrådmannen sine tilrådingar. Søknadene er vurderte i høve retningslinene for ordninga og fylkeskommunen sitt regionale kulturansvar.

Generelt:	
Budsjett 2019:	137 000 kroner
Søknadsfrist 2019:	15.mars
Vedtak kriteria:	KIRU 13.02.2018, PS 24/2018
Kriteria og informasjon om ordninga:	http://www.hordaland.no/nn-

Våren 2019:	
Tal på søknadar:	20 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	10 søknadar
Samla søknadssum:	480 500 kroner
Tilrådd til fordeling:	100 000 kroner

Økonomi: Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

Klima: Gjennom lokalhistorisk arbeid kan ein formidle kunnskap om klima og miljø i fortid og notid.

Folkehelse: I «Regional plan for folkehelse 2014-2025 – fleire gode levekår for alle» vert det lagt vekt på at kulturopplevelingar har positiv verknad på folkehelsa. Arbeid og engasjement rundt lokalhistorie styrker mellom anna lokal identitet og frivillig arbeid.

Regional planstrategi: Lag som arbeider med lokalhistorie er aktørar i lokalsamfunnet som med kunnskap, engasjement og dokumentasjon kan bidra inn i planarbeid på ulikt vis.

Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 100 000 kroner over budsjettpost 400.620.15, slik:

Søker	Tittel	Innvilga
ASKØY MUSEUMSLAG	Digitalisering av fotoarkiv mottatt fra avisens Askøyværingen	0
BJØRGVIN MARKNAD	Bjørgvin Marknad	0
BØMLO TUR- OG SOGELAG	Historiske forteljingar frå Bømlo - Leidarsteidn	7000
FJELL KULTURMINNELAG	Udstilling av landbruksjengerstandar i Løa på Gjerde kulturminnegard, Fjell	0
FUSA HUSFLIDSAG	Dokumentasjon og vidareføring av lokale vevtradisjonar i Hålandsdalen / Fusa	20000
Hordaland sogelag	Lokalhistoriske dagar, kurs for medlemene	0
Hordaland sogelag	Lokalhistoriske dagar, kurs	0
KVAM SOGE- OG KULTURMINNELAG	Stølsbok for Kvam, Årbok frå Kvam, Generell lagsdrift	7000
LINDÅS SOGELAG	Åttring frå Austfjorden	0
MEMOAR	Sjøfartsminne	0
NATURVERNFORBUNDE T HORDALAND	Naturvernistorie i Hordaland	20000
OS SOGELAG	Registrering av livsminne	0
RADØY SOGELAG	Jubileumsutgåve Sogeblad	7000
STORD SOGELAG	Hatland skule	5000
SUND SOGELAG	Årboka Havstrilen	7000
TYSNES MUSÉLAG	Registrering og oppbevaring av musealer	0
ULVIK HERAD	Søknad om tilskot til lokalhistorisk arkiv	0
Vener av Mjøsvågen	Lage dokumentasjonsmateriale/ informasjonsmateriell for at besøkande ved Mjøs historiske metallstøyperi som er under etablering, skal få ei god innføring i historia og i metallstøypeprosessen	20000
Voss Sogelag	Bokutgjeving - Gamalt frå Voss og Vossabygdene	7000

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

1 Tilskot til sogelag/historielag (lokalhistorisk arbeid) 2019

Fylkesrådmannen, 29.05.2019

Tilskot til sogelag er open for alle sogelag/historielag i Hordaland, evt. i samarbeid med andre. Det er søknadsfrist ein gong i året, om våren.

Ved søknadsfrist 15. mars 2019 var det komne inn 20 søknader. På budsjettet 400.620.15 Fylkesarkivet i årsbudsjettet for 2019 vart det sett av kr 137 000 til tilskot historielag. Retningslinjer for tilskotsordninga vart vedteke i Kultur- og ressursutvalet 13.02.2018 (PS 24/2018). Ordninga sitt føremål er å stimulere til, og støtte opp om lokalhistoriske initiativ og lokalhistorisk aktivitet i samsvar med Regional plan for kultur 2015 – 2025. Støttenivå er maks 30 000 kroner. Tilskotet til Hordaland sogelag på kr. 37 000 vart ført vidare som eit driftstilskot. Til saman er det difor kr. 100 000 å fordele i tilskotsordninga.

Ordninga sitt føremål er å stimulere til, og støtte opp om lokalhistoriske initiativ og lokalhistorisk aktivitet i samsvar med Regional plan for kultur 2015 – 2025. Ein har sett til prioriteringane som ligg i planen og tilhøyrande handlingsplan når ein har vurdert søknadane.

Prosjekt som fremjar aktivitet i laget, som legg opp til samarbeid med andre lag eller etablerte arkiv-/bibliotek- og museumsinstitusjonar, samt prosjekt som har overføringsverdi til desse. Ytterlegare moment ved vurdering av søknad/skjønsutøvinga, i uprioritert rekkefølgje:

Det er eit mål å fremje innsamling og registrering av dokumentasjonsmateriale i form av t.d. foto, arkiv, stadnamn og livsminne, samt stimulere til frivillig engasjement, mangfold og kvalitet.

Støttenivå er maks 30 000 kroner. Det er sett krav om at søknaden må ha mål og framdriftsplan for prosjektet, budsjett, søknadssum, planlegging, evt. samarbeidspartar. Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturasvar, og har prioritert strengt ut frå dette og dei andre vurderingskriteria.

Søkjarmengda har ein oppgang frå 13 i 2018 til 20 i 2019, og den samla søknadssummen er kr. 480 500. Tilskotsordninga vart gjort kjend m.a. gjennom våre faste nettverksmøte for privatarkiv, nettsider og informasjon pr. e-post. Søknadene vitnar om at det blir lagt ned ein betydeleg frivillig innsats når det gjeld lokalhistorie i fylket, og tilskotsordninga er eit sentralt virkemiddel for å auke rekrutteringa styrke engasjementet.

Det vert ikkje gjeve tilskot til følgjande:

- a) ordinær drift og løpende aktivitet
- b) investeringar i bygg, anlegg og utstyr
- c) reiseutgifter
- d) utabeiding eller revisjon av lokal- og regionalhistoriske verk

Vi opna i år for å prioritere færre prosjekt med større beløp innanfor ei ramme på 20 000 - 30 000 kr. Vi har prioritert søknadar som er prosjektbasert framfor dei meir faste årlege tiltaka. Det må gjerast merksam på at dette er prosjekttilstokt og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkermasse. I vedlegget har fylkesrådmannen grunngjeve tildelingane og avslaga. Det er viktig å ikkje ta kvar enkeltkommentar som ei fyldestgjerande forklaring/grunngjeving for tilsegn/avslag, men som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsmengde.

Viser til vedlegg med oversyn over søknadane med fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad.